OSTERØY KOMMUNE
Teknisk forvaltning

Byggmester Romarheim As
Kolåsvegen 122
5955 LINDÅS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Sture Helle | 26.09.2023 |
| Vår: 23/2721 - 23/21427 | sture.helle@osteroy.kommune.no | |

# Førebels svar - stadfesting motteken søknad - gbnr 111/74 Øvre Raknes

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Søknad om løyve til tiltak - Fasadeendring og påbygg på vandreheim |
| Eigedom: | Gbnr: 111/74 |
| Tiltakshavar: | Nordhordland Indremisjon |
| Ansvarleg søkjar: | Byggmester Romarheim As |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.09.2023 og saka har saksnummer 23/2721.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter.

Dispensasjonssaka vert no send overordna mynde for uttale, vi vil handsame denne etter frist på 4 veker..

**Vi har eit spørsmål i høve til byggesaka, kva type avlaup er det på bygget i dag.**

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og forskrift om byggesak (SAK) kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og forskrift om byggesak § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. SAK § 7-2, 1. ledd. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2, 1. ledd.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. landbruk, veg, vatn og avlaup), jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. SAK § 6-2, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. forskrift om byggesak § 7-3.

| Sakstype | Tidsfrist |
|---|---|
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon | 12 veker |

| | |
|---|---|
| frå plan. | |
| Søknad om dispensasjon frå plan etter § 19-1, jf. §§ 19-2 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale styresmakter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5. | 12 veker |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna styresmakt (t.d. jordlov, kulturminnelov, Statsforvaltaren) ikkje er nødvendig.<br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.<br>For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekers fristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. | 3 veker |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve. | 12 veker |
| Søknad om igangsetjing | 3 veker |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.<br>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk. | 3 veker |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.<br>Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden. | 3 veker |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider http://www.osteroy.kommune.no/

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tore Johan Erstad<br>einingsleiar for teknisk forvaltning og plan | Sture Helle<br>Sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggmester Romarheim As | Kolåsvegen 122 | 5955 | LINDÅS |
| Nordhordland Indremisjon | | 5918 | FREKHAUG |